



LÆREPLAN FOR KULTURSKULEN

Vedteken i Hovudutval for klima, miljø og oppvekst (KMO)

05.05.2020

Innleiing

I perioden 2014 - 2016 utarbeida Norsk kulturskuleråd ein ny rammeplan, «Mangfald og fordjuping». Rammeplanen må vedtakast av, og implementerast i, kvar enkelt kommune og kulturskole.

Allereie 22.05.2014 var rammeplanen i samband med høyringsrunde til politisk handsaming i HOO og blei teken «til vitande» slik han låg føre, og i heile perioden fram til i dag har det vore høgt på dagsordenen lokalt og gjennom samarbeid med dei andre kulturskulane i Vest-Telemark å forankre rammeplanen hos lærarane.

Rammeplanen blei vedteken i Hovudutval for oppvekst og omsorg (HOO) 28.04.2016.

I rammeplanen stillast det krav om at alle kulturskuler skal ha ein lokal læreplan med fagplanar, difor har Kviteseid kulturskule ved rektor utarbeida ein lokal kulturskuleplan og kvar einskild lærar har jobba med fagplanane innan sine fag. Alt i samarbeid gjennom ein prosess over fleire år. Sjølv om den lokale planen ikkje er så omfattande har det vore viktig at resultatet ikkje kjem som eit pålegg «ovanfrå», og at den med utspring i rammeplanen er eit godt orienterings- og arbeidsverktøy som Kviteseid kulturskule har eigarskap til lokalt.

Dei tidlegare vedtektene er nå implementert i denne læreplanen.

Eli Taugbøl, rektor Kviteseid kulturskule.

Innhald

Innleiing	1
Kap.1: Kviteseid kulturskule sitt samfunnsoppdrag	3
1.1 Opplæringslova	3
1.2 Kviteseid kulturskule sitt verdigrunnlag og formål.....	3
1.3 Kviteseid kulturskule sine mål	3
1.4 Kviteseid kulturskule som lokalt ressurscenter	4
1.5 Kviteseid kulturskule sine fag	5
Kap. 2: Prinsipp og retningslinjer for Kviteseid kulturskule.....	5
2.1 Kviteseid kommune sitt ansvar som skuleeigar	5
2.2 Rektors ansvar som skuleleiar	6
2.3 Samarbeid om elevens læring.....	6
2.4 Samarbeid med foreldre / føresette	6
2.5 Vurdering for læring	7
2.6 Lærarrolla og profesjonen	7
2.7 Kompetansekrav for tilsetting i Kviteseid kulturskule	7
2.8 Kvalitet i Kviteseid kulturskule	8
2.9 Opptak og betalingssettar ved Kviteseid kulturskule	8
Vedlegg.....	9
1. Døme på fagplan.....	9

Kap.1: Kviteseid kulturskule sitt samfunnsoppdrag

1.1 Opplæringslova

Kviteseid kulturskule sitt samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal ha aleine, eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles» (1997)

Samarbeidet med skulen knyter kulturskuleoppdraget saman med grunnskulen sin målsetting:

«Opplæringa sitt mål er å utvide barn, unge og vaksne sine evner til erkjenning, oppleving, utfolding og deltaking.» (Læreplanverket K06)

1.2 Kviteseid kulturskule sitt verdigrunnlag og formål

Kviteseid kulturskule sin verksemd byggjer på eit humanistisk menneskesyn, og på samfunnsverdiar som fellesskap, ytringsfridom, menneskeverd og demokrati.

For Kviteseid kulturskule er det naturleg å leggje ytringskulturomgrepet til grunn for sin verksemd (Kulturutredningen 2014). Omgrepet ytringskultur avgrensast her til kunstnarleg verksemd, kunstfagleg opplæring, publikumsmøte knytt til denne opplæringa og vern og vidareføring av materiell og immateriell kulturarv. Omgrepet omfattar både den profesjonelle og ikkje-profesjonelle utøvinga av desse uttrykksformene, samt å møte slike kulturelle uttrykk som publikum.

Kviteseid kulturskule skal utvikle og ivareta kunstnarleg og kulturell kompetanse. Kviteseid kulturskule skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ynsker det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnarlege uttrykk. Kviteseid kulturskule er ein sentral del av den samanhengande utdanningslina som kan kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unges danning, fremje respekt for andre sin kultur, bevisstgjere eigen identitet, bli kritisk reflekterande og utvikle eigen livskompetanse.

Kviteseid kulturskule skal også vere eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet lokalt. Kviteseid kulturskule ein del av ein landsomfattande kulturell infrastruktur som løftar fram kunst og kultur som bærande element i samfunnet.

1.3 Kviteseid kulturskule sine mål

Kviteseid kulturskule skal:

- gje alle elevar gode vilkår for å utvikle musikalske og kunstnarlege evner og interesse.
- gje alle elevar moglegheit til å finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk.
- gje alle elevar tilbod å delta i sampil og samarbeid på tvers av instrument og disiplin.
- styrke elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse.
- styrke elevanes sin evne til kritisk refleksjon og sjølvstendige val.

- i samarbeid med skulen gje eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod til alle barn og unge.
- samarbeide med lag og institusjonar om kulturaktivitetar og formidling i heile lokalsamfunnet.

1.4 Kviteseid kulturskule som lokalt ressurscenter

Kviteseid kulturskule skal samarbeide med skule- kultur- og frivillig sektor, og medverke til å styrke kulturell verksemd i lokalsamfunnet.

Kviteseid kulturskule samarbeider med grunnskulen om prosjektbasert undervising i skuletida og om undervising i SFO-tida for elevar på småtrinnet. Elever i kulturskulen bidreg med sine ferdigheiter i skulesamanheng som t.d. i timar med musikk eller på arrangement i skulen sin regi. Kulturskolen sine elever medverker i ulike kulturelle samanhengar i lokalsamfunnet, som t.d. med opningskonsert på Victoriafestivalen, underhaldning på 17.mai, på Kviteseid omsorgssenter (KOS) og på andre arrangement i regi av kommunen eller lag/foreiningar.

Kviteseid Hornmusikk får dekt sine dirigenttenester av Kviteseid kommune gjennom kulturskulen, og kulturskulens lærarkompetanse blir også ved høve brukt til støtte i musikkundervising i grunnskulen.

I skjeringspunktet mellom kulturskule og SFO har Kviteseid kulturskule sidan 2017 arrangert «Sommarkulen» fyrste veka i skuleferien. Kulturskulen har leigd inn lærarar og samarbeidd med Kviteseid Jeger og Fiskeforeining, Kviteseid Husflidslag, Barnas Turlag og Vest-Telemark museum, og fleire frivillige har hjelpt til. Då etterspurnaden aukar og elevane stadig blir yngre, må ein sjå på om sommarkulen heller bør inngå i eit utvida SFO-tilbod med Kviteseid kulturskule som støttespelar.

Utanfor definisjonen av kunstnarleg verksemd har også Kviteseid kulturskule administrert «motorklubb» i samarbeid med Kviteseid Motorservice som har vore/er eit tilbod for ungdomsskuleelevar om det er etterspurnad.

Kviteseid kulturskule skal samarbeide om barn, unge og vaksne med særskilte behov t.d. innan eining for funksjonshemma, skule, barnevern, sosialteneste eller flyktningteneste. Kviteseid har eit tilbod til vaksne med særskilte behov gjennom «Fargeband» og må elles syte for at dei ulike einingane er godt informerte om kulturskulen sine tilbod og moglegheiter for tilrettelegging.

Alle arrangement i regi av Kviteseid kulturskule er opne for alle og har fri inngang. Slik fyller Kviteseid kulturskule ein rolle som lokal arrangør av konserter og utstillingar der oppleving av musikk og kunst er tilgjengeleg for alle. I slike høve er det naturleg for kulturskulen å samarbeide med t.d. Kviteseid Næringslag, Kviteseid bygdetun, serveringsstader og andre.

Kviteseid kulturskule skal vere ein ressurs når det kjem til investering i - og felles bruk - av utstyr. Kviteseid kulturskule skal kunne leige ut tilgjengeleg utstyr (lyd m.m.) til lokale lag/foreiningar/bedrifter/private ut frå et vederlag bestemt av kommunestyret. Kommunens einingar skal få låne utstyr av Kviteseid kulturskule vederlagsfritt.

Kviteseid kulturskule har administrativt ansvar for Ung Kultur Møtast (UKM). Den lokale mønstringa blir arrangert i samarbeid med Seljord kommune på Granvin kulturhus kvart år i februar. Kulturskulen ser på UKM som ein viktig arena for formidling, læring og oppleving, og legg arrangementet inn som

en naturlig del av kulturskulens årshjul. Det jobbast med at grunnskulen også skal sjå denne arenaen som ein naturleg plass for elevar å vise fram sine arbeider, om det er innan kunst, skapande skriving, film, musikk eller anna.

Rektor i Kviteseid Kulturskule er kommunen sin DKS-koordinator. Saman med kulturkontaktane på kvar skule held denne oversyn over produksjonar som kjem på besøk i fylkesregi, og utarbeider den lokale DKS-planen. (DKS er forkorting for Den kulturelle skulesekken)

1.5 Kviteseid kulturskule sine fag

I kulturskulen sin overordna rammeplan «Mangfald og fordjuping» er faga delt inn i hovudområda musikk, dans, visuell kunst, teater og skapande skriving.

Kviteseid kulturskule tilbyr undervising innan områda musikk og dans, og skal så langt det er mogleg tilby desse faga:

- Piano / keyboard
- Trekkspel
- Gitar (akustisk og elektrisk)
- Bassgitar
- Slagverk (trommer)
- Hardingfele
- Fiolin (i samarbeid med Seljord kulturskule)
- Vokal (helst med eit akkordinstrument i tillegg)
- Band
- Dans i grupper (free style)
- Korpsinstrumenter (trompet/kornett, trombone/horn, klarinett/saksofon, baryton/tuba, trommer. Undervisinga skjer i samarbeid med Kviteseid Hornmusikk)

Kviteseid kulturskule kan også tilby andre fag som høyrer ytringskulturen til (sjå 1.2) ut frå tilgjengeleg lærarressursar og elevinteresse. I tillegg held kulturskulen frå tid til annan kortvarige kurs og prosjekter. Slike opplegg blir kunngjort særskilt.

Kap. 2: Prinsipp og retningslinjer for Kviteseid kulturskule

2.1 Kviteseid kommune sitt ansvar som skuleeigar

Kviteseid kommune som skuleeigar har ansvaret for at Kviteseid kulturskule fylgjer nasjonale føringar gitt i rammeplanen. Kviteseid kulturskule sin læreplan skal inngå i kommunens plandokument og skal vere ein del av kommunens strategiarbeid innan utdanning, kultur og helse. Huvudutvalet for klima, miljø og oppvekst (KMO) vedtek læreplanen for kulturskulen.

Skuleeigar har ansvar for at Kviteseid kulturskule har kvalifiserte lærarar. I dette inngår å sikre kulturskulelærarane tilsvarande vidare- og etterutdanningstilbod som lærarane i grunnskulen.

Skuleeigar har ansvar for drift av Kviteseid kulturskule og for at kulturskulen har lokale som er tilpassa undervisninga. Kulturskulen skal kunne disponere andre kommunale undervisningslokale vederlagsfritt. Skuleeigar skal sørge for at kulturskulen kan tilby moderasjonsordningar (og evt. friplassar) for å sikre like moglegheiter for deltaking i kulturskulens tilbod.

Med tilvising til opplæringslova kan kulturskulen inngå i fylkesmannens tilsyn med kommunane. I tillegg til å etterspørje kva for kulturskuletilbod kommunen har, kan kulturskulens samarbeid med skuleverket og kulturlivet inngå i tilsynet.

2.2 Rektors ansvar som skuleleiar

Rektor har personalansvar for dei tilsette i kulturskulen, og for den daglege drifta. Kommunalsjef for oppvekst har det overordna budsjettansvaret.

Som pedagogisk og fagleg ansvarleg skal rektor legge til rette for å vidareutvikle kulturskolens fag. Døme på utviklingsarbeid kan være forsøk med ulike måtar å organisere undervisninga på, bruk av digitale verktøy, samt tverrfaglege prosjekt.

Rektor skal legge til rette for kompetanseheving for lærarane gjennom systematisk kollegabasert samarbeid. Dette skal skje gjennom faste lærarsamlingar og lærarmøte gjennom året, i tillegg til kurs og ekskursjonar både på individ- og gruppenivå.

2.3 Samarbeid om elevens læring

Kulturskulen har eit særlig ansvar for å samarbeide med skuleverket og lag/foreiningar for å gje elevane moglegheit til å oppleve profesjonelle kunst- og kulturorganisasjonar. Slik kan eleven møte ein større arena for sin kunstverksemd, og bli verdsatt for sin kunnskap og dugleik også utanfor kulturskulen. Eit læringsmiljø som oppmuntrar til deltaking i kulturelle fellesskap er viktig for elevenes motivasjon.

2.4 Samarbeid med foreldre / føresette

For at eleven skal utvikle seg og kjenne meistring, er det viktig at både lærarar og føresette har forventingar til at eleven skal lære. Dei må vere engasjerte og støttande, og saman motivere eleven til aktivitet innan sitt kunstfaglege virkefelt. – Også utanom opplæringstida.

Elevar og foreldre / føresette skal få utdelt fagplan for det aktuelle faget ved oppstart og pliktar å gjere seg kjend med den. Heile læreplanen skal ligge på kommunen sin heimeside under kulturskulen.

Hovudarena for elevane sin læring er undervisingstimane og heimearbeidet. Men læring skjer også i andre samanhengar. Å delta i ulike formidlingssamanhengar er ein viktig del av læringsprosessen. Det kan t.d. vere i familiesamheng eller på kulturskulen sine egne konsertarenaer. Motivasjon styrkast særskilt når elevane får samhandle med andre, og gjerne med utøvarar som har kome lengre enn dei sjølv.

2.5 Vurdering for læring

Vurdering for læring inneber vegleiing og tilbakemeldingar til eleven, der målet er å skape best moglege føresetnadar for eleven sin læring. I Kviteseid kulturskule får elevane vegleiing på kvar time. I dialogen mellom lærar, elev og føresette får eleven vere med å legge planar, utvikle evne til eigenvurdering, si meininga si om undervisinga og om korleis han / ho lærar best. Eleven har dermed stor medverknad i eigen læringsprosess.

2.6 Lærarrolla og profesjonen

Læraren sitt møte med eleven, og eleven sitt møte med dei kunstnarlege aktivitetane, er det sentrale i Kviteseid kulturskule. Kulturskulelæraren må vere seg medviten sine mange roller som profesjonsutøvar: Pedagog, utøvar, leiar av små og store grupper, organisator, prosjektleiar, koordinator, inspirator, marknadsfører, kulturberer, vurderer og kollega. Desse skal være gjenstand for refleksjon og tolking, og leggstil grunn for ein kontinuerleg dialog i kollegiet om lærings- og arbeidsmiljø.

Læraren er også i det daglege bindeleddet mellom kulturskulen og heimane.

Kulturskulen sin kvalitet er avhengig av at lærarane har ein arbeidssituasjon der dei får utvikle seg som lærarar og som utøvarar av sitt fag.

Ynsket om eit breitt og variert tilbod i kombinasjon med avgrensa elevtilfang gjev seg utslag i at lærarane ofte er einaste fagperson på sitt felt i kulturskulen, og avstandar og desentralisert verksemd fører med seg at ein som lærar kan ha ein einsam arbeidskvardag. Difor stillast det store krav til sjølvstende, fleksibilitet og samarbeidsevne for å fylle rolla som lærar ved Kviteseid kulturskule.

2.7 Kompetansekrav for tilsetting i Kviteseid kulturskule

For framtidige tilsettingar i undervisningsstilling skal det normalt krevjast høgare kunstfagleg utdanning i utøvande og/eller skapande kunstfag, tilpassa undervisningsoppgåvene for stillinga. Som minimum blir det kravd tre års kunstfagleg utdanning. Krav om praktisk-pedagogisk utdanning gjeld alle.

Alternativt:

Faglærarutdanning med minimum 120 studiepoeng kunstfag.

Skuleeigar kan i særlege tilfelle tilsette søkjarar som ikkje tilfredsstillar desse krava dersom dei kan dokumentere tilsvarande realkompetanse.

For framtidige tilsettingar i leiarstilling i kulturskulen skal det krevjast same faglege kvalifikasjonar som ved tilsetting i undervisningsstilling. Leiarar skal ha minst tre års erfaring frå kulturskole og relevant leiarutdanning og/eller relevant leiarerfaring.

Skuleeigar kan i særlege tilfelle tilsette søkjarar som ikkje tilfredsstiller desse krava dersom dei kan dokumentere tilsvarande realkompetanse.

2.8 Kvalitet i Kviteseid kulturskule

Kulturskulen ved rektor er sjølv ansvarleg for å gjennomføre kvalitetssikring av dei tilbod som gis.

Viktige vurderingselement i kulturskulens sitt kvalitetsarbeid kan vere

- elevane sin eigeninnsats, aktivitet, utvikling og trivnad
- undervisning og læringsmiljø
- lærarkompetanse og kollegasamarbeid
- samarbeid mellom kulturskulen og føresette
- samarbeid mellom kulturskulen og grunnskulen/barnehage/sfo
- samarbeid mellom kulturskulen og kulturlivet elles
- rutinar for elevopptak
- mengd undervisningstid
- utstyr, lokalitetar og ressursbruk
- aktivitetsnivå og synlegheit
- leiing

Desse punkta skal ligge til grunn for ein kontinuerleg diskusjon i kollegiet kring undervisinga sin kvalitet i kulturskulen.

2.9 Opptak og betalingssatsar ved Kviteseid kulturskule

Kviteseid kulturskule er open for innbyggjarar som bur i Kviteseid kommune etter denne prioriteringa: 1. Elevar som allereie har plass, 2. Elevar frå grunnskulen, 3. Elevar frå vidaregåande, 4. Vaksne. Elevar frå andre kommunar kan bli tatt opp på avtala vilkår.

Opptak skjer før kvart skuleår med søknadsfrist 15. mai. Ein må nytte det elektroniske søknadsskjemaet som ligg på kommunen si heimeside. Alle elevar må søke på/stadfeste tilbodet dei ynsker kommande skuleår kvar vår. Opptaksperioden er eitt skuleår, med bindingstid på eitt semester. Dersom det ikkje er plass, vert søkjaren sett på venteliste. Ved ledige plassar gjer ein løpande opptak gjennom året.

Ved oppseiing av tildelt plass i løpet av skuleåret må ein nytte same skjema som ved søknad.

Elevkontingenten blir fakturert ein gong i kvart semester, i oktober og mars. Dei årlege satsane blir fastsett av kommunestyret under budsjetthandsaminga og har verknad frå 1. januar

Rektor kan gje refusjon av kontingent og/eller gje dispensasjon frå bindingstida på eitt semester ved lang tids sjukdom, flytting eller andre vektige velferdsgrunnar.

Bortfall av meir enn tre undervisingstimar i semesteret frå kulturskulen si side gjev rett til reduksjon i kontingenten.

Ved gjentatt fråver utan melding til læraren, manglande interesse for opplæringa, eller av disiplinære årsakar, kan eleven miste plassen i kulturskulen. Rektor tek avgjerd i slike saker etter samtale med foreldre/føresette.

Vedlegg

1. Døme på fagplan

Fagplan gitar

Organisering av undervisinga

Undervisingsåret er på 36 veker. Alle elevar som får individuell opplæring kan også settast saman i grupper når det passar inn i undervisinga.

Rettleiande tidsbruk:	Individuell time	30 min/veke
	Små grupper	45 - 60 min/veka
	Dans/band/spelemannslag	45 - 60 min/veka

Instrument / Utstyr

Eleven må disponere eigen gitar. (Spør eldre/tidlegare elevar om kjøp eller lån av brukte instrument.) Eleven må ha ei mappe til noteark og songar.

Øving og innsats

Alle som spelar bør øve regelmessig. Helst kvar dag. Hyppige repetisjonar er viktig ettersom gjenkjenning gjev meistring og tryggleik. Det er viktig å etablere gode vaner for speling heime heilt frå byrjinga, og for dei fleste elevar er det naudsynt med dagleg oppfylgning frå føresette.

Tips til øving:

- Lag kortsiktige mål som t.d. å lære noko utanat, eller å spele for andre (eller katten)
- Bli einige om faste tider for øving i veka (t.d. før frukost, etter tannpuss, eller medan potetane kokar.)
- Ha instrumentet lett tilgjengeleg
- Spel favorittmelodiane om att (og om att) i tillegg til det nye som skal lærast
- La musikken bli ein naturleg del av kvardagen. Det skapar trivsel og speleglede.

Frammøte

Eleven skal møte presis og førebudd til timen. Ved fråvær må elev/føresett gje beskjed til læraren i så god tid som mogleg.

Målgruppe

Alle kan byrje på gitar. Ein nybyrjar frå mellomsteget eller eldre vil naturleg nok ha ein raskare progresjon enn ein nybyrjar frå småsteget. Ein som startar tidlig vil få fleire år med undervising, og meir tid til å undersøke ulike sjantrar og teknikkar.

Om undervisinga

Innhaldet i undervisinga skal bidra til å utvikle handtverksmessig og kunstnarleg kvalitet, sjølvstende og samspelsevne. Eleven skal oppnå gode ferdigheiter og meistring på instrumentet sitt ut frå sitt eige ambisjonsnivå.

Opplæringa kan delast inn i tre fasar: begynnarfase, mellomfase og vidarekomen fase.

Ein og same elev kan vere på ulike fasar samstundes når det gjeld musikkforståing, teknikk, notelesing og gehørutvikling. Dei individuelle føresetnadane og ynska til eleven vil vere utslagsgivande for progresjon og val av innhald. Det er difor ingen tidsplan knytt til dei ulike fasane. Elevar som er særskild motiverte, skal få moglegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk.